



# GISKE KOMMUNE

## **Vedtekter for skulefritidsordningane i Giske kommune**

### **§ 1. Definisjon og formål**

Skulefritidsordningane er eit tilrettelagt omsorgs- og fritidstilbod utan om den obligatoriske skuledagen for barn i 1. - 4. klasse, og for barn med særskilte behov i 1. – 7. klasse. Innhold og verksemd i skulefritidsordninga skal vere prega av barn sitt behov for leik, kulturaktivitetar og sosial læring. Funksjonshemma barn skal givast gode utviklingsvilkår.

### **§ 2. Eigar**

Giske kommune er eigar av skulefritidsordningane. Det administrative ansvaret er delegert til rådmannen.

### **§ 3. Opptak**

1. Rektor ved den einskilde skule har ansvaret for opptaket.
2. For søkerne til hovudopptaket skal det tildelast plass til alle born på 1. – 4. årstrinn og elevar med særskilte behov på 5. – 7. årstrinn i skulefritidsordninga ved den skulen dei går på.
3. Søknadar motteke etter fristen blir satt på venteliste, og tildelt plass ved ledig kapasitet.
4. Dersom ikkje alle søkerane får plass, skal det prioriterast ut frå følgjande kriterium:
  - a. Funksjonshemma born
  - b. Dei yngste framfor dei eldste
  - c. Andre særskilte grunnar
5. Søknadsfrist til hovudopptaket er 01.03. for oppstart i august. Det kan søkjast om supplerande opptak gjennom heile året.
6. Frist for søker til hovudopptaket blir kunngjort i avis. Det skal søkjast elektronisk gjennom Oppvekstportalen til Giske kommune. [Oppvekstportalen](#)

### **§ 4. Klage**

Tildeling av plass i skulefritidsordningane er enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, og kan klagast på. Ei eventuell klage skal leverast rektor for ny vurdering. Dersom rektor opprettheld vedtaket, blir klaga sendt til klagenemnda som er endeleg klageorgan.

### **§ 5. Oppseiing og endring**

Oppseiingstida er to månadar rekna frå den 01. i påfølgjande månad. Dette gjeld også ved reduksjon av plass. Oppseiing og søker om endra oppholdstid må gjerast ved å logge inn i Oppvekstportalen til Giske kommune. Det er den av foreldra som har søkt om plassen som har tilgang til link for oppseiing og endring av oppholdstid. [Oppvekstportalen](#)

### **§ 6. Foreldrebetaling**

Satsar for foreldrebetaling blir vedtatt av Giske kommunestyre. Nye satsar blir som regel gjeldande frå 01.01.

Betaling for opphold skal betalast med forfall den 16. i kvar månad.

Foreldrebetaling blir krevd inn over 11 månadar. Dvs. f.o.m. august månad - t.o.m. juni månad i det etterfølgjande året. Det skal betalast opphaldsavgift kun for heile månadar. For elevar som blir meldt inn etter skulestart / i løpet av driftsåret, blir det kravd foreldrebetaling for full månad f.o.m. den månaden eleven er innmeldt i ordninga. Tilboden i haust- og vinterferien inngår i månadsprisen.

Det er 25 % søskenmoderasjon for barn nummer to eller fleire.

## **§ 7. Fripass**

Hovudregelen er at det ikkje er fripass i skulefritidsordninga.

## **§ 8. Manglende betaling**

Ved manglende betaling vil plassen bli sagt opp. Ubetalt opphaldsavgift for tidlegare kommunal plass i barnehage eller skulefritidsordning, for dette barnet eller søsken, må betalast før SFO-plassen kan takast i bruk.

## **§ 9. Leike- og opphaldsareal**

Leike- og opphaldsareal i skulefritidsordninga skal vere tilpassa den aktiviteten som blir driven. Det må til ei kvar tid vurderast kor mykje areal som skal takast i bruk utanom basen i ordninga.

## **§ 10. Oppholdstid**

1. Skulefritidsordninga er ope frå måndagen nærmast 01.08. til og med fredagen nærmast 30.06.
  - a. 5 dagar heil plass
  - b. 4 dagar heil plass
  - c. 3 dagar heil plass
  - d. Berre ettermiddag (5 dagar) – i skuleferiane 3 dagar heil plass
  - e. Berre morgen (5 dagar) – i skuleferiane 1 dag heil plass
  - f. Kjøp av dagar og timer
2. Turnusordning blir i utgangspunktet ikkje praktisert. Det er opp til kva enkelt eining å vurdere om det er kapasitet til dette.
3. Opningstida kan variere frå dei ulike ordningane.
4. SFO er stengt i romjula, påskeveka og fire veker om sommaren.
5. SFO har fem planleggingsdagar i skuleåret, og SFO er steng då. Desse dagane ligg ikkje inne i betalinga.
6. Påmelding til feriane **må** gjerast innan fristen via kommunikasjonssystemet som er gjeldande for SFO ordninga. Dette pga vi skal kunne berekne bemanningsbehovet.

## **§ 11. Bemanning og leiing**

SFO har dagleg leiari. I tillegg tilstrekkeleg barne- og ungdomsarbeidarar eller assistantar.

Det skal vere minst ein voksen pr. 15 barn. For barn med særskilde behov og funksjonshemma barn blir det tilsett ekstra bemanning. Rektor har det pedagogiske og økonomiske ansvaret for SFO. Dagleg leiari har deleger tmynde frå rektor, og har ansvaret for den daglege drifta.

## **§ 12. Teieplikt**

Medlemmar i styrande organ for skulefritidsordniga og dei tilsette har teieplikt etter same reglar som gjeld for tilsette i grunnskule, jamfør forvaltningslova § 13.

## **§ 13. Ansvar/forsikring**

Kommunen er ansvarleg for at elevane er forsikra, jamfør opplæringslova § 13-3b og forskrift til opplæringslova kapittel 8.

## **§ 14. Vedtektenes gjeld frå**

Desse vedtektenes er gjeldande frå 30.11.2017.

## **§ 15. Endring i vedtekten**

Giske kommunestyre skal godkjenne endringar i vedtekten.